

**KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2015/2056****2018/EØS/39/29**

av 13. november 2015

**om endring av vedtak 2009/300/EF, 2009/563/EF og 2009/894/EF og avgjerd 2011/330/EU og 2011/337/EU med sikte på lenging av det tidsrommet som miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til visse produkt, skal gjelde for**

[meld under nummeret K(2015) 7781](\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 8 nr. 3 bokstav c),

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonsvedtak 2009/300/EF<sup>(2)</sup> sluttar å gjelde 31. desember 2015.
- 2) Kommisjonsvedtak 2009/563/EF<sup>(3)</sup> sluttar å gjelde 31. desember 2015.
- 3) Kommisjonsvedtak 2009/894/EF<sup>(4)</sup> sluttar å gjelde 31. desember 2015.
- 4) Kommisjonsavgjerd 2011/330/EU<sup>(5)</sup> sluttar å gjelde 31. desember 2015.
- 5) Kommisjonsavgjerd 2011/337/EU<sup>(6)</sup> sluttar å gjelde 31. desember 2015.
- 6) Det er gjort ei vurdering som stadfestar relevansen og nytten av dei noverande miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2009/300/EF, 2009/563/EF og 2009/894/EF og avgjerd 2011/330/EU og 2011/337/EU. Etersom dei noverande miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i desse rettsaktene framleis er under revisjon, bør det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde for, lengjast til 31. desember 2016.
- 7) Vedtak 2009/300/EF, 2009/563/EF og 2009/894/EF og avgjerd 2011/330/EU og 2011/337/EU bør difor endrast.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedtak 2009/300/EF skal artikkel 3 lyde:

*«Artikkel 3*

Miljøkriteria for produktgruppa «fjernsyn» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2016.»

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 300 av 17.11.2015, s. 41, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 57/2016 av 18. mars 2016 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 66 av 19.10.2017, s. 29.

<sup>(1)</sup> TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

<sup>(2)</sup> Kommisjonsvedtak 2009/300/EF av 12. mars 2009 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fjernsyn (TEU L 82 av 28.3.2009, s. 3).

<sup>(3)</sup> Kommisjonsvedtak 2009/563/EF av 9. juli 2009 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fottøy (TEU L 196 av 28.7.2009, s. 27).

<sup>(4)</sup> Kommisjonsvedtak 2009/894/EF av 30. november 2009 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til tremøblar (TEU L 320 av 5.12.2009, s. 23).

<sup>(5)</sup> Kommisjonsavgjerd 2011/330/EU av 6. juni 2011 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til berbare datamaskiner (TEU L 148 av 7.6.2011, s. 5).

<sup>(6)</sup> Kommisjonsavgjerd 2011/337/EU av 9. juni 2011 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til personlege datamaskiner (TEU L 151 av 10.6.2011, s. 5).

*Artikkel 2*

I vedtak 2009/563/EF skal artikkel 3 lyde:

*«Artikkel 3*

Miljøkriteria for produktgruppa «fottøy» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2016.»

*Artikkel 3*

I vedtak 2009/894/EF skal artikkel 3 lyde:

*«Artikkel 3*

Miljøkriteria for produktgruppa «tremøblar» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2016.»

*Artikkel 4*

I avgjerd 2011/330/EU skal artikkel 3 lyde:

*«Artikkel 3*

Miljøkriteria for produktgruppa «berbare datamaskiner» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2016.»

*Artikkel 5*

I avgjerd 2011/337/EU skal artikkel 4 lyde:

*«Artikkel 4*

Miljøkriteria for produktgruppa «personlege datamaskiner» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2016.»

*Artikkel 6*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 13. november 2015.

*For Kommissjonen*

Karmenu VELLA

*Medlem av Kommissjonen*

---